



# Pressemelding

## STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas  
Informasjonssjef Øivind Østang  
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06  
Telefon ktr.: 22 34 40 37  
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80  
Telefon priv. : 22 22 28 01

**SPERREFRIST: Ingen**

**DATO: 17. februar 1995**

### PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Måndag 20. februar kl. 17.30 tek statsministeren imot parlamentspresidenten i Aserbajdsjan, Rassul Kulijev, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere.

Tysdag 21. februar om morgonen reiser statsministeren til Karasjok, i høve Sametinget sin sesjon. Kl. 13.30 møter ho Sametingsrådet til lunsj, før ho kl. 15.00 held tale til Sametinget. Deretter fylgjer statsministeren debatten i Sametinget. Kl. 18.30 møter ho Sametingsrådet og gruppeleiarane i Sametinget. Kl. 21.00 er statsministeren gjest under Sametinget sin middag i Storgammen. For presseprogram, viser vi til Sametinget. Statsministeren sin pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas. Følgjet bur på SAS Karasjok Turisthotell, telefon 78 46 74 00 - telefaks 78 46 68 02.

Onsdag 22. februar kl. 09.00 dreg statsministeren frå Karasjok sentrum til Sara Duodji ("kvinnearbeidsplassen"), lenger ned langs Karasjokka. Der driv Karen Berit Sara Nedrejord produksjon av samiske produkt. Kl. 10.00 vitjar statsministeren Kulturskulen i Karasjok. Ho reiser frå Karasjok kl. 11.15, og er attende i Oslo om ettermiddagen.

Torsdag 23. februar kl. 17.15 tek statsministeren imot presidenten i parlamentarikarforsamlinga i Vestunionen, Sir Dudley Smith, på Statsministerens kontor. Det er høve til å fotografere. Kl. 18.00 er ho tilstades under sentralbanksjefen sin årstale, i Noregs Bank i Oslo.

Fredag 24. februar om morgonen reiser statsministeren til Wien, for å halde føredrag på eit seminar i regi av dei sosialdemokratiske partia i Europa (PES). Temaet er "Solidarity versus individualism". Seminaret vert halde i Chamber of Labour sitt konferansesenter, i Theresianumgasse 16-18. Statsminister Franz Vranitzky opnar seminaret kl. 10.30, før Brundtland og den ungarske statsministeren Gyula Horn talar. Kl. 15.00 deltek statsministeren i første sesjon av PES sitt partileiarmøte, i Bruno Kreisky Forum, i 19 Armbrustergasse 15. Følgjet bur på Hotel Bristol, telefon 095 43 1 515 160 - telefaks 095 43 1 515 16 550. Pressekontakt er statssekretær Øystein Singaas.

Laurdag 25. februar held PES-møtet fram på Hotel Bristol, før det vert avslutta med pressekonferanse same staden kl. 11.00. Statsministeren reiser attende til Oslo om ettermiddagen.